

---

Saksnr: 2020/45559-14  
Saksbehandlar Ole Ingar Hagen Hæreid  
Dato: 24.09.2021

---

---

**Til:** Sekretariat for kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkeskommunedirektøren

---

## Forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet - status og vidare arbeid

### Bakgrunn

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 80/2018 i møte 03.10.2018:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan beredskap på vegnettet ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Å sikre tilstrekkeleg detaljert planlegging av transportberedskapen, som synleggjer korleis transporten skal gjennomførast i praksis dersom ei hending utløyser det ekstraordinære beredskapsbehovet, og oppdatert oversikt over beredskapsaktørar.
2. Å avklare med Samferdselsdepartementet kva som er lovpålagte oppgåver som fylkeskommunen har ansvar for i sivil transportberedskap.
3. Å utarbeide skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.
4. At revisjonen av Transportberedskap Hordaland 2010 blir ferdigstilt, behandla og følgt opp, samt sikrar at dokumentet blir evaluert og oppdatert jamleg.
5. Å skriftleggjere praksisen som er etablert for handtering av avvik og endringar i skuleskysstilbodet som følgje av hendingar på vegnettet
6. Å sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynste øvingar og mottek opplæring knytt til eigen rolle.
7. Å ta initiativ til meir samarbeid med kommunane i Hordaland og andre fylkeskommunar om planlegging og utføring av transportberedskap.
8. Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.
9. Å informere politisk nivå om resultatet av evaluering av transportberedskapen etter ras, flaum ol. hendingar som har medført større utfordringar i samferdselssektoren. Slike erfaringar bør også vurderast i arbeidet med framtidige ROS-analyser.
10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Denne forvaltningsrevisjonen har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved 2 tidlegare høve og ved 3 tidlegare høve av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune, der det i møte i kontrollutvalet 14.06.21 vart gjort følgjande vedtak:

1. Kontrollutvalet har merka seg som positivt at Vestland fylkeskommune er komme ein del lenger i forbetningsarbeidet enn ved førre rapportering når det gjeld forvaltningsrevisjon av beredskap på vegnettet.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på oppfølging av punkta 3, 6, og 8 til møte i utvalet 26.10.2021, med frist for levering til sekretariatet innan 05.10.2021.
3. Kontrollutvalet ber også om at tilbakemeldinga m.a. inneheld status for arbeid med overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for VLFK (punkt 3), gjennomføring av opplæring i

beredskapsplanar og naudsynte øvingar (punkt 6), om det vert gjennomført årlege kontaktmøte med Statens vegvesen når det gjeld gods- og turvognløyver, løyver for riksvegferjer og for ruteløyve som kryssar fylkesgrenser (punkt 8).

Fylkeskommunedirektøren vil gje følgjande status på punkta 3, 6 og 8:

**Pkt. 3: skriftlege rutinar knytt til oppfølging av beredskapsplanar/-arbeid.**

Overordna beredskapsplan for Vestland fylkeskommune, kap. 4.2.1 Årshjul slår fast at det skal gjennomførast regelmessige øvingar og etter behov for å bygge opp og oppretthalde tilstrekkeleg beredskapskompetanse. Ei øving skal også vere ein test av rutinar, der vi kan vurdere om planverk og verkøy fungerer godt.

Oppdatering av planverk skal ha ei årleg revidering. I tillegg skal planverket gjennomgåast etter hendingar eller store øvingar, eller ved ny risiko- og sårbarheitsanalyse.

Beredskapsleiar i VLFK har ansvar for å halde overordna beredskaps- og varslingsplan oppdatert. Beredskapsleiar skal utarbeide eit årshjul som viser tidspunkt for øvingar, revisjonar m.m. . Eit fullstendig årshjul skal utarbeidast første halvår 2022.

Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Vestland fylkeskommune er utført og vart godkjent i fylkeskommunedirektøren si leiargruppe i møte den 3. september. Beredskapsleiar skal presentere plan for oppfølging og oversikt over beredskapsarbeid i organisasjonen for leiargruppa i oktober.

Beredskapsplanen for infrastruktur og vegavdelinga (INV) er for tida til revisjon. Rutinar for revisjon og øvingar i overordna beredskapsplan for Vestland fylkeskommune blir lagt til grunn ved revisjon av beredskapsplanen for INV. Beredskapsplanen skal, som hovudregel, ha ein årleg revisjon eller reviderast ved behov etter hendingar eller øvingar.

Beredskapsplan for mobilitet og kollektiv (MOK) er under revisjon og baserer seg på føringane i overordna beredskapsplan.

Det er starta opp eit arbeid med revidering av ROS analysar og beredskapsplan i Skyss. Også i dette arbeidet vert føringane i den overordna beredskapsplanen lagt til grunn.

**Pkt. 6 Sikre at beredskapsplanar knytt til transportberedskap blir gjort kjent for alle tilsette desse er relevante for, og sørger for at alle tilsette som er involvert i arbeid med transportberedskap deltek i naudsynte øvingar og mottek opplæring knytt til eigen rolle.**

Overordna beredskapsplan for Vestland fylkeskommune, kap. 4.7 Kultur for beredskap stiller klare krav til opplæring og øving mm.:

***4.7 Kultur for beredskap***

*Alle tilsette i Vestland fylkeskommune skal vere kjent med den lokale beredskapsplanen som gjeld for sin arbeidsstad. Alle med leiaransvar i Vestland fylkeskommune skal vere kjent med overordna beredskapsplan. Dette skal inngå i opplæringa ved tilsetjing.*

*Den enkelte tilsette skal:*

- kjenne sine egne oppgåver i ein krise-/ulykkessituasjon*
- kjenne Vestland fylkeskommune sine oppgåver i ei krise-/ulykkessituasjon*
- kjenne varslingsrutinar internt i eininga, og dei overordna varslingsrutinar for fylkeskommunen*
- kjenne til huseigar/utleigar sin eventuelle beredskaps-/evakueringsplanar*

*Tilsette med spesiell rolle i beredskapsarbeidet skal:*

- øve spesielt på si eiga rolle*
- trene på varsling, organisering og handtering*

*Tilsette som har ein leiarfunksjon i ein krise-/ulykkessituasjon, skal:*

- gjennomføre skrivebordsøving/planspill årleg*
- gjennomføre varslingsøving, minimum ein gong pr. år*
- øve på informasjonsberedskap (gjelder spesielt tilsette som vil ha ei rolle ovafor media, dei bør få reell trening)*

Desse føringane er også lagt til grunn for beredskapsplanen for infrastruktur og vegavdelinga.

Infrastruktur og vegavdelinga tok i bruk krisehandteringsverktøyet CIM i slutten juni i år. Før dette vart teke i bruk vart det gjennomført opplæring i bruken av CIM for byggherrevakter, byggjeleiarar på driftskontraktane, leiargruppa på seksjon for vedlikehald, drift og beredskap og for leiargruppa på INV. Det er gjennomført 4 varslingsøvingar i CIM retta mot kriseleiinga på INV og kriseleiinga ved seksjon for vedlikehald, drift og beredskap (den daglege driftsberedskapen). Aktuelt personell har gjennomgått kurs i bruken av CIM. Det er planlagt fleire kurs løpet av hausten 2021. Desse kursa vil bli lagt i tilknytning til ei eller fleire øvingar.

I eigne møte med kvar enkelt seksjon på INV har beredskapskoordinatoren gått gjennom overordna beredskapsplan og beredskapsplanen for INV.

I samband med revidering av beredskapsplanar i MOK og Skyss vil informasjon, opplæring og øving av tilsette vere ein sentral del av arbeidet som må innarbeidast og gjennomførast.

**Pkt. 8. Å gjennomføre årlege kontaktmøte med aktørar som kan ha ei særskilt rolle innan den sivile transportberedskapen.**

Fylkeskommunen skal samarbeide med statsforvaltar, politiet, transportnæringa og andre sivile og militære for å få til best mogleg koordinert sivil transportberedskap.

Fylkeskommunen skal bidra med transportfaglege råd, og på oppmoding frå departement, statsforvaltar, politiet eller andre sivile eller militære formidle kontakt med løyvehavarar, andre som eig eller brukar motorvogner for gods- eller persontransport eller målepliktig fartøy og verkstadar.

Statens Vegvesen har ansvar for gods- og turvognløyver. Reperasjon av køyretøy kan som hovudregel berre utførast av verkstad godkjent av Statens Vegvesen. VLFK er løyvemynde på ruteløyve og drosje. Det er ikkje gjennomført møter dei siste åra, men beredskapsleiar i VLFK har teke initiativ til ein diskusjon om rolle- og ansvarsfordeling på området.

Skyss har kontrakt med transportbedrifter som utfører rutetransport med buss, båt, ferje og bane i VLFK. Desse aktørane har stor kapasitet på persontransport og er dermed svært sentrale i samband med sivil transportberedskap. Skyss gjennomfører fleire møter med desse i løpet av året. I samband med revidering av beredskapsplan kan det vere aktuelt å innarbeide sivil transportberedskap på agendaen i eit eller fleire av desse driftsmøta